

REFERAT FRÅ KONTAKTUTVALSMØTE 11. JUNI 2018

Nye
Ålesund
kommune

Til stades i møtet:

- Haram kommune: Haldor Lillebø, Randi Alvestad, Unni Krogsæter, Ann-Cathrin Nyhammer
- Sandøy kommune: Linn Jenny Morsund, Anne Lise Børlin og Frank Harneshaug
- Skodje kommune: Stig Meisal
- Ørskog kommune: Maren Kongsnes, Michael Werner og Geir Skodje
- Ålesund kommune: Hanne Tønning, Frode Nordstrand, Kristin Nonsvik, Jann Ove Ertresvåg og Martha Trones
- Lars Marius Rindal, hovudverneombod Ålesund kommune

Sak 1: Innplassering/tilsetting av toppleiarar



- **Kartleggingsamtalar – kven bør inkluderast av leiarane i kommunane til toppleiarstillingane (6 kommunalsjefar og 4 stabssjefar) – oppfølging av diskusjonen i møte den 4. juni 2018.**

Alle skulle tenkje over følgjande frå sist møte:

Ut over dei som prosjektleiar allereie har kalla inn, lyser prosjektleiar ut internt i dei 5 kommunane spørsmål om kven som ønskjer kartleggingsamtale etter at det er laga kompetansekrav til dei ulike stillingane. På denne måten kan dei som er interessert melde seg. Ein kan dermed unngå å få kritikk for at ein ikkje fekk tilbod om slik samtale.

Det var noko ulike syn i saka.

Konklusjonen frå møtet vart slik:

Prosjektleiar kallar inn til kartleggingsamtale dei i leiargruppene til rådmennene som i dag har eit kommunalsjefansvar. I tillegg kallast også økonomisjef og personalsjef inn dersom kommunane har denne type stilling i dag.

Når kompetansekrava er lagt for leiarstillingane, blir desse lagt ut til andre leiarar i kommunane, der ein blir invitert til å ta kontakt dersom ein meiner at ein har krav på kartleggingsamtale til desse stillingane.

Både utvelging til kartleggingsgruppa og kompetansekrav til stillingane skal drøftast med tillitsvalde. Det blir drøftingsmøte på utvelging av kartleggingsgruppe på torsdag 14. juni kl. 08.15 på skype.

Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet

